

## Aktivitetsplan 2006

Arrangement	Dato	Mnd	Komite
Øvingshelg	3. 5.	mar	*Styret og noteutval
Årsmøte	14.	mar	*Styret
Tur i det blå	2. 4.	jun	*Eigen oppnevnd komite
Stormfestival	8. 10.	sep	*Johan, Johanne, Erling, Inger, Evy, Terje, Rune, Eli, Laila B
Sogn og Fj. m. skap	17. 18.	nov	*Styret - noteutval

**God interesse** Det er god interesse for haustens stormfestival, 8., 9. og 10 september.

Mange korps han kontakta oss og vurderer å melde seg på "Stormfestival 2006". Komiteane planlegg no for fullt for å få brikkene på plass, slik at vi kan sende ut ny info med påmeldingsfrist til korpsa på seinvinteren. Det ser ut til at det kan bli meir enn ti korps på festivalen, og vi er optimistiske. Arrangementet blir stort sett bygd på same lesten som tidlegare, med nokre justeringar. Har VG-lesarar gode tips eller råd til oss, ta kontakt.

Det fyrste som må gjerast av førebuing er å henge opp tørrsild, og det blir dugnad i løpet av februar. Silda må vere tørr og vere komen i frysa før det blir så mildt at ho skyt feittet.

Vi kjem også denne gongen til å henvende oss til folk utanfor korpset for å hjelpe oss i festivalveka, og vi håpar vi også denne gongen klarer å få nok hjelparar.



**På kryss og tvers med VG**

**Prøv VG-kryss Vannrett:**  
1: Snill  
5: Kutt  
6: Ikke falsk

**Loddrett:**  
1: Kjemme  
2: Ikke fattig  
3: Økt  
4: Fryse

	1	2	3	4
1				
5				
6				

# Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Dr. 1

13. årgang

Laussal: Gratis

Januar/februar 2006

## Fekk masse skryt



Nyttårskonserten 2006 vart ein stor musikalsk suksess. Det var mange fine prestasjonar, og med 250 i salen vart det to flotte timar med god underhaldning. Full honnør også til Måløy Songlag som deltok og gjorde ein fin figur. Her er det Lina og John Inge som gjorde suksess med "De to trompeter". Gjestedirigent Idar T. gjorde også ein fin jobb, og tykte det var moro å vere med.



[www.torskangerpoll.no](http://www.torskangerpoll.no)

## Godt fornøgde

Dei fleste var godt fornøgde med nyttårskonserteren der Måløy Songlag var med.

Før konserten vart dette korpsbildet teke. Under ser vi Mette og Margrete som var troll, saman med ein godt fornøgd dirigent, Idar. I lokalpressa var det mykje skryt etter konserten



## Juletefest uten Låstad

Tirsdag 28. desember var det juletefest på Våge/Oppedal skule. Som vanleg var Frelsesarmeen med, og sette eit flott preg på festen. Det spesielle i år var at Vågsvåg-patrioten, Alf Låstad, ikkje kunne vere med på grunn av sjukdom. Når Låstad ikkje er på juletefest i Vågsvåg så er han sjuk.

Men Kim og Johan i Frelsesarmeen gjorde ein fin figur, og det vart ein flott fest. Torskangerpoll spelte godt, det var andakt, julebrødkiver, kaffi og brus. Også i år kom nissen på besøk. Høgdepunktet for mange var ein times juletrim rundt juletrete og eit par versjonar av "Fold det gamle merket ut.....". Terje fekk fart på julesangane med sitt trekkspel. Juletefest er fine greier.



## Masse underhaldning

Årsfesten etter nyttårskonserteren vart ein flott fest med masse underhaldning. Spesielt imponerte jentebandet Wig Wam. Damene i Musikkens Venner, vart dregne fram og heidra for sin innsats. Det vart gjort med dei som var på festen og som hadde hatt styreverv eller andre sentrale verv. Formann Joahn Wåge gav desse ein spesialpinje til grilling av pølse. Festen varte til ut i dei små timar.

